



Årsmelding 2015

6. DRIFTSÅRET

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad
Organisasjonsnummer: 996 124 789

STYRANDE ORGAN 31. DESEMBER 2015

GENERALFORSAMLING:

Medlem kundevald:

Torgny Nundal	Husnes	Leiar
Bjørn Terje Eikeland	Sandvoll	Nestleiar
Ingvill Gåsemyr Sæberg	Dimmelsvik	
Lars Arne Revne	Ølve	
Kjell Yri	Uskedalen	
Ingvald Nedrevåg	Seimsfoss	
Ann Helen Langmo	Rosendal	
Øystein Hellesøy	Løfallstrand	
Steinar Haugan	Valen	
Inger Lise Bondhus	Mauranger	
Kristian Hus	Husnes	
Hans Jakob Berge	Ølve	
Asbjørn Soltveit	Rosendal	
Ann Elisabeth Enes	Ænes	
Grete Lise Sjø	Valen	

Medlem kommunevald:

Marit Bakke	Dimmelsvik
Hans Petter Jacobsen	Mauranger
Vibeke Fredheim Røssland	Valen

Varamedlem kundevald (prioriterte):

Terje Eikemo	Utåker
Brynjulf Lie	Herøysundet
Oddvar Eikenes	Husnes
Torill Lyngnes	Matre
Lise Christensen Sætrevik	Rosendal
Frank Søllesvik	Dimmelsvik
Svein Bjarte Veastad	Herøysundet

Varamedlem kommunevald (prioriterte):

Stig Eide Rusten	Valen
Gaute Lund	Dimmelsvik

STYRE:

Medlem:

Svein Arne Eidsvik	Herøysundet	Leiar
Frøydís Sjø Fjellhaugen	Matre	Nestleiar
Synnøve Solbakken	Valen	
Jorunn K. Nordtveit	Valen	

Varamedlem (prioriterte):

Olav Ulvenes	Ølve
Gunnar Våge	Løfallstrand
Magnhild Haugland	Uskedalen

VALKOMITÉ:

Medlem

Kjell Yri	Uskedalen	Leiar
Asbjørn Soltveit	Rosendal	Nestleiar
Terje Eikemo	Utåker	
Lars Arne Revne	Ølve	
Anne Elisabeth Enes	Ænes	

Om SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Bakgrunn

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad vart skipa 1. november 2010 med forretningskontor i Kvinnherad Kommune. Forstandarskapet i Kvinnherad Sparebank og representantskapet i SpareBank 1 SR-Bank gjorde i møter den 28. juni 2010 vedtak om at dei interesser som bankane representerte ville vera best tente med at sparebankverksemda i Kvinnherad Sparebank vart overteken og vidareført gjennom SpareBank 1 SR-Bank, og at Kvinnherad Sparebank etablerte ei stifting som skal fremja sparebankverksemd i Kvinnherad Sparebank sitt marknadsområde gjennom å eiga eigenkapitalbevis og disponera utbyte til ålmennyttige føremål.

Føremål

Stiftinga sitt føremål er å forvalta eignelutar som stiftinga vart tilført ved skipinga, og å stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap i SpareBank 1 SR-Bank ASA.

Stiftinga skal i tillegg plassera midlane på ein føremålstenleg og trygg måte ut frå omsynet til trygd, risikospreiing, likviditet og avkastning.

Stiftinga sitt føremål skal vidare vera å gje bidrag til ålmennyttige føremål.

Ved disposisjonane sine skal stiftinga først og fremst ta omsyn til det distriktet som har bygd opp kapitalen til tidlegare Kvinnherad Sparebank.

Ved verksemda si skal stiftinga støtta SpareBank 1 SR-Bank ASA i deira vidareføring av sparebanktradisjonane.

Elles kan stiftinga stå for anna verksemd som kan sameinast med nemnde føremål og dei rammer som til ein kvar tid fylgjar av regelverket for sparebankstiftingar.

Kapital

Stiftinga vart skipa med ein samla kapital på 350 000 000 kroner.

Grunnkapitalen var på 330 000 000 kroner fordelt på 6 069 934 eigenkapitalbevis i SpareBank 1 SR-Bank, kvart pålydande kroner 25,-. I tillegg til dette vart stiftinga tilført eit kontantbeløp på 20 000 000 kroner frå SpareBank 1 SR-Bank.

Grunnkapitalen vart gjennom vedtektsendring i generalforsamlinga 19. juni 2012 sett ned til 151 748 350 kroner fordelt på 6 069 934 aksjar, kvar pålydande kr 25 i SpareBank 1 SR-Bank ASA.

Styret si årsmelding for 2015

(Tal i parentes er for året 2014)

Aktivitetar i 2015

Viktige aktivitetar i året 2015 har mellom anna vore:

- Handsaming av 173 (149) søknader og tildeling av 89 (71) gåver på til saman 6,6 (6,19) millionar kroner
- Vidareutvikling av internkontrollsystem, finansstrategi og styringsdokument i stiftinga

Generalforsamlinga har hatt 2 (2) møter og styret 12 (13) møter i 2015.

Resultatrekneskapet 2015

Rekneskapet syner eit driftsresultat på - 1 904 501 (- 2 166 269) kroner.

Resultatet i året vart - 69 655 116 (- 2 048 628) kroner etter finansinntekter og stor nedskriving av verdien på finansielle anleggsmiddel.

Dei 6 069 934 eigenkapitalbevisa i SpareBank 1 SR-Bank stiftinga tok i mot ved skipinga hadde opphavleg samla verdi 330 000 000 kroner. SpareBank 1 SR-Bank vart 1. januar 2012 omdanna frå eigenkapitalbevisbank til allmennaksjeselskap - ASA. Stiftinga vart i samband med dette tildelt 1 aksje for kvart eigenkapitalbevis vi eigde.

Endringar i marknadsverdien av aksjane i SpareBank 1 SR-Bank ASA har stor påverknad på stiftinga sitt årsresultat. I 2013 vart det til dømes resultatført reversering av tidlegare nedskriving med 102 680 972 kroner, noko som gav det uvanleg gode resultatet på pluss 110 741 979 kroner. For 2015 er det grunna den låge kursen ved årsskiftet resultatført ei nedskriving av finansielle anleggsmiddel på 80 881 871 (10 569 723) kroner.

Stiftinga fekk i 2015 utbetalt 12 453 166 (9 962 533) kroner i utbyte frå SpareBank 1 SR-Bank ASA for 2014. Stiftinga hadde i tillegg renteinntekter på 678 090 (762 606) kroner.

Kapitalen

Eiga var ved årsskiftet 276 849 177 (353 176 952) kroner. Den store nedgangen skuldast nedskrivinga av finansielle anleggsmidde som er aksjane i SpareBank 1 SR-Bank ASA.

Aksjekurs nytta ved årsskiftet var kr 39,30. Bokført eigenkapital pr aksje var samstundes kr 66,14.

Grunnkapitalen er 151 748 350 kroner. Årsresultatet, - 69 655 116 (-2 048 628) kroner, er dekkja ved overføring frå annan eigenkapital som etter dette er 78 441 969 (148 097 085) kroner.

Stiftinga sine almennyttige gåvetildelingar er viktige for lokalsamfunna. Det er ikkje overskot å disponera i 2015, men likviditeten til stiftinga er god. Det er difor gjort framlegg om å nytta 10 000 000 kroner frå gåvefondet til gåver for tildeling hausten 2016 og våren 2017. Gåvefondet vert såleis redusert frå 39 301 910 kroner til 29 301 910 kroner.

Hovuddelen av kapitalen til stiftinga er aksjar i SpareBank 1 SR-Bank ASA.

Stiftinga eig 6 069 934 aksjar tilført ved skipinga til kostpris 330 000 000 kroner.

Marknadsverdi var ved årsskiftet 238 548 406 (319 430 277) kroner. Resultatført verdiendring i 2015 er - 80 881 871 (- 10 569 723) kroner.

Stiftinga kjøpte 156 649 aksjar i SpareBank 1 SR-Bank ASA ved emisjonen i 2012. Kostpris for desse var 4 229 523 krone. Marknadsverdi ved årsskiftet var 6 156 306 (8 244 437) kroner. Resultatført verdiendring er her 0 kroner.

Marknadsverdien av aksjane våre i SpareBank 1 SR-Bank ASA var såleis ved årsskiftet til saman 244 704 712 (327 674 714) kroner.

Styret kan ikkje selja av dei 6 069 934 aksjane i SpareBank 1 SR-Bank ASA som vart tilført ved skipinga, og som såleis høyrer til grunnkapitalen, utan etter vedtak i generalforsamlinga og godkjenning frå Finanstilsynet.

Likviditeten til stiftinga er god.

Gåveutdelingar i 2015

Våren 2015 handsama styret 94 (80) søknader om til saman ca. 13,9 (9) millionar kroner i gåver. Det vart tildelt 41 (34) gåver, i sum 2,935 (2,985) millionar kroner

Hausten 2015 handsama styret 79 (66) søknader om til saman ca. 10,1 (7,2) millionar kroner i gåver. I tillegg vurderte styret gåver til gode tiltak utan at de førelåg søknad. Det vart tildelt 4 slike gåver. Til saman vart det tildelt 48 (37) gåver, i sum 3,665 (3,205) millionar kroner.

Styret har reservert, men ikkje tildelt, 1,25 millionar kroner av ramma hausten 2015 til ny idrettshall på Husnes dersom prosjektet vert realisert. Tildeling krev ny styrehandsaming.

Oversyn tildelte gåver våren 2015 og hausten 2015 er del av denne årsmeldinga.

Tilsette

Stiftinga har dagleg leiar tilsett i 60 % stilling.

Administrative tilhøve

Styret i stiftinga har vedteke at kontorstaden skal vera Husnes, og har inngått leigekontrakt med Kest Eiendom AS om leige av kontor i Stabburshaugen 5, 5460 Husnes.

iDrift AS er engasjerte som leverandør av IT-tenester, både utvikling og drift.

Tveit Regnskap AS er engasjert som lønskontor og rekneskapsfører.

Deloitte AS er engasjert som revisor. Stiftinga nyttar Selmer DA som juridisk rådgjevar.

Indre og ytre miljø

Stiftinga har dagleg leiar tilsett i 60 % stilling. Det har ikkje vore sjukefråvær.

Det har ikkje vore noko å utsetja på arbeidsmiljøet. Aktivitetane til stiftinga har ikkje ureina ytre miljø, og representerte heller ikkje risiko for slik ureining.

Framtidsutsikter

Den urolege økonomiske situasjonen i verda, og ikkje minst den svært låge oljeprisen, vil i 2016 påverka oss her i Noreg. Vi ser no sterkt reduksjon både i investeringar og drift innan olje og gassrelatert industri og tenester. Dette har store konsekvensar for sysselsetjing, kompetanseutvikling og næringsutvikling. Dette vil gjera oss langt meir avhengige av andre næringar framover, ikkje minst her på Vestlandet.

Dei norske styresmaktene sine krav til kapitaldekning i bankane er strama monaleg inn. Verdiane vert på denne måten verande i banken og aukar soliditeten og for oss tryggleiken for kapitalen. Vi har i tillegg sett auka tapsavsetjingar for å møte svakare økonomiske utsiktene. Norske bankar har difor siste året halde att utbyte og også varsla eller gjennomført emisjonar.

SpareBank 1 SR-Bank ASA har no delt ut utbyte til stiftinga for 2015 med kroner 1,50 (2) pr. aksje, totalt 9 339 875 (12 453 166) kroner. Etter offentliggjerings av resultatet deira for første kvartal 2016 er det ikkje noko som indikerer at det vil vera turvande med emisjon for å nå kapitalkrava.

Nesten alle aksjane våre i SpareBank 1 SR-Bank ASA er del av grunnkapitalen og kan etter lovverk og vedtekter ikkje seljast utan etter vedtektsendring i generalforsamlinga og deretter særskilt løyve frå Finanstilsynet. Vår hovudinntektskjelde er og skal vera utbyte frå desse aksjane.


At SpareBank 1 SR-Bank ASA held fram med god drift og ter seg slik at kundane vil nytta banken vil vera avgjerande for økonomien og aktivitetane til stiftinga frametter.

Husnes 09.05.2016

Styret i SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad


Svein Arne Eidsvik
Styreleiar


Frøydis Johanne Sjø Fjellhaugen
Styrenestleiar


Synnøve Solbakken
Styremedlem


Jorunn K Nordtveit
Styremedlem


Asmund Kåre Rørvik
Dagleg leiar

Gåvetildelingar frå SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad våren 2015

Referanseid	Organisasjon	Namnet til laget/organisasjonen	Kva vert prosjektet/tiltaket kalla?	Gåve
201501-651	993 904 031	Rosendal helselag	Løfteanlegg til basseng - Rosendal ungdomsskule	10 000
201501-700	993 635 928	Solglimt 4H	Aspirantleir	10 000
201501-639	988 095 869	Stord Røde Kors Besøksvenner	Eldretur til Fjellstova	10 000
201501-640	913 423 909	EXIT ROSENDAL UNGDOMSKLUBB	DJ-utstyr	10 000
201501-665	976 994 787	Rosendal Søndagsskulekor i Kvinnherad K	Lydanlegg til Rosendal Barnekor	15 000
201501-686	993 405 280	Åkra Ungdomsklubb (under Åkra Bygdalag	Musikkanlegg til ungdomsklubben	20 000
201501-680	991 272 399	Utåker Bygdalag	Ny utescene ved Holmedal gamle kyrkjegard.	20 000
201501-654	993 405 280	Åkra Bygdalag	Utstyr til Buo Kafè	20 000
201501-685	996 235 629	Valen Kyrkjelydslag (undergruppe Ope Hu	Airhockeybord	20 000
201501-643	994 263 102	Husnes KFUK-KFUM speidarar	Etablering av uteplass	20 000
201501-674	991 252 983	Nordrepollen Grendahus	Oppvaskmaskin og ekspress varmtvannstank	25 000
201501-693	989 419 501	ÆNES GRENDALAG	Oppgradering av Grendahuset på Ænes	25 000
201501-723	988 338 559	Judo Klubb Stord	Stevneutvikling i ei ny tid	25 000
201501-661	983 470 343	Stord Bordtennisklubb	Nye drakter	25 000
201501-705	889 387 122	Langeland skulekorps	Aspirantane og 1.års-korpsingane	25 000
201501-663	985 292 353	Herøysund Bygdalag	Toalettanlegg Strand	35 000
201501-667	975 834 662	Odda Røde Kors Hjelpekorps	Droneprosjekt	35 000
201501-689	993 818 364	Husnes Skyttarlag	Sikring av 200 meter Handeland	40 000
201501-672	995 070 790	KRIK Husnes/Husnes Indremisjon	Innkjøp av vant til innebandy Nattcup	40 000
201501-701	998 835 410	Perlo kajakkklubb	Utstyrsmidlar i samband med kursaktivitetar	40 000
201501-712	962 979 327	Fjellhaugen Skisenter AS	Skileikanlegg	40 000
201501-718	993 461 059	Matre Bygdalag	Vidareutvikling av Dranesparken, sanitæranlegg.	40 000
201501-623	988 795 933	Stord Skytterlag	50m bane utandørs og 10m bane innandørs	50 000
201501-649	993 745 928	Skare Ungdomslag	Påbygg og modernisering av kjøkken i Grendahuset	50 000
201501-673	997 998 197	Kvinnherad skyttarlag	Helgesamling for ungdomsskyttarar (laurdag-søndag	50 000
201501-666	983 839 509	Idrettslaget Solid	Utstyr til trimrom	50 000
201501-660	964 967 636	Kvinnherad Frivilligsentral	Besøkshund	50 000
201501-687	985 292 353	Herøysund Bygdalag	Stolar og bord, Herøysund Grendahus	55 000
201501-670	985 257 280	Rosendal skulekorps	Spelelyst.	60 000
201501-659	993 770 892	Kvinnherad Turlag	Havkajakkar til kurs og turar.	70 000
201501-644	993 523 100	Røldal Røde Kors Hjelpekorps	Innkjøp av snøskuter	100 000
201501-624	993 600 989	Kvinnherad Handballklubb	Sandballbane i Kvinnherad	100 000
201501-706	913 551 273	Halsnøy samfunnshus velforeining	Brannsikring	100 000
201501-635	983 560 717	IL Korlevoll-Odda	Skibru ut i turnettet på Seljestad	100 000
201501-681	993 906 794	Stord-Fitjar turlag	Sti- Fossabrekko	100 000
201501-692	998 778 239	Hatlestrand Nærmiljøanlegg (Hatlestrand	Hatlestrand Nærmiljøanlegg	100 000
201501-645	964 967 636	Kvinnherad Ungdomsenter	Møblar-skiljevegger	150 000
201501-631	983 771 645	ROSENDAL TURNLAG - Turgruppa	MELDERSKIN, sikring Skarsklyp	150 000
201501-656	999 185 428	Husnes Ungdomslag	Drenasje og sanering av kjellar etter vassinnsig.	150 000
201501-664	993 741 663	Uskedal Idrettslag	Gull av Grus	400 000
201501-679	959 491 860	Rosendal Samfunnshus BA	Nytt tak til Rosendal Samfunnshus	500 000
		VÅREN 2015	TOTALSUM TILDELT	2 935 000

Gåvetildelingar frå SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad hausten 2015

Referanseid	Organisasjon	Namnet til laget/organisasjonen	Kva vert prosjektet/tiltaket kalla?	Tildeling
201502-x01	912 428 737	Maurstiens venner	Leiker og utstyr	5 000
201502-x04	995 070 790	Husnes Indremisjon	KRIK-Nattkafé	5 000
201502-734	983 839 509	Idrettslaget Solid	Nytt utstyr turn	10 000
201502-737	975 281 477	Skarveland skule	Karusell på Skarveland skule	10 000
201502-782	996 235 629	Valen Kyrkjelydslag	Gassgrillar til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyd	10 000
201502-756	983 839 509	Idrettslaget Solid, Svømmegruppa	Vanntilvenning og svømmeopplæring	10 000
201502-776	993 480 738	Omvikdalen Bygdekvinnelag	Tiltak i barnehage	10 000
201502-741	999 103 243	Stord Astma og Allergi Forening	Frisk pust	10 000
201502-770	896 569 112	Stord svømming	Begynnerinstruktørkurs svømming	15 000
201502-804	893 243 372	Venelaget for Hagerupshuset	Vedlikehald av Hagerupshuset velferdssenter for el	20 000
201502-727	999 097 340	Odda Dramatiske Selskap	100-års forestilling + nye kulissar til laget.	20 000
201502-781	979 751 443	Odda musikklag	Kjøp av sousaphon	25 000
201502-750	915 105 971	HLF Odda	Ambulerende teleslyngekoffert	25 000
201502-736	993 516 953	Ænes og Mauranger Bygdalag	Oppgradering samfunnshus	25 000
201502-x02	976 994 744	Husnes og Holmedal Sokneråd	SIKVAL	30 000
201502-x03	993 600 989	Kvinnherad Handballklubb	HU-laget	30 000
201502-803	991 056 785	Omvikdalen idrettslag	På ski heile året!!	30 000
201502-800	991 917 829	Amcar Kvinnherad	Ungdomsprosjekt	30 000
201502-724	993 754 390	Odda Ungdomslag	Nytt golv i Odda Ungdomshall storsalen	40 000
201502-765	983 771 645	Rosendal Turnlag - fotball	Utstyr	40 000
201502-757	993 442 771	Matre Idrettslag	Rydding av gammel postvegen.	40 000
201502-733	993 543 314	Husnes Musikklag	Fornying av instrument.	50 000
201502-742	983 647 472	Husnes skulekorps	Slagverksinstrument	50 000
201502-807	993 741 663	Uskedal idrettslag	Ferdigstilling kiosk til Uskedal Stadion	50 000
201502-780	993 414 840	Rosendal Musikklag	Fornying og kvalitetssikring av grunnlaget	50 000
201502-802	985 292 353	Herøysund Bygdalag	Sløyden bandprosjekt	50 000
201502-777	995 399 415	Kvinnherad Røde Kors Omsorg	Sosial hygge og samvær for eldre og einslege	50 000
201502-728	994 211 471	Mental Helse Stord	Gruva 5 (Lags hus)	50 000
201502-797	991 272 399	UTÅKER BYGDALAG	Opprusting av Utåker Bygdahus	50 000
201502-731	993 600 989	Kvinnherad Handballklubb	Trenarutdanning	50 000
201502-745	998 799 783	Kjeldestøl venelag	Oppattbygging av Torkjellssetet og Perasetet	50 000
201502-743	987 035 706	Valestiftinga	Mobil sag / Solosaga MB	55 000
201502-801	993 776 505	Ølve Ungdomslag	Vedlikehald og oppgradering av Ølve Ungdomshus.	100 000
201502-799	914 211 085	Dalen vel	Leikeapparater og Sandkasse	100 000
201502-730	975 834 662	Odda Røde Kors Hjelpekorps	Innkjøp av ATV til pasienttransport	100 000
201502-739	996 801 888	ODDA/ULLENSVANG TURLAG	Prosjekt Ridesti Egne Hjem til Folgefonna	100 000
201502-755	996 917 614	SOLFONN-LANGEDAL HYTTEFORENING	Skiløype/tursti mellom Langedalen og Lontjørn	100 000
201502-796	875 541 072	Røen og Sjøvangen Velforening	Halsnøy Helsesportløype	100 000
201502-784	896 937 472	Interesselaget for galeas Gurine	Restaurering av galeas Gurine	100 000
201502-787	964 967 636	Kvinnherad Frivilligsentral, seniorgruppa	Paviljong i Husnesparken	120 000
201502-778	998 475 309	Arbeidsgruppa Valeparken	Valeparken	150 000
201502-789	986 585 125	Sunde Kyst- og Litteratursenter, Bergslaget	Utbetring/nybygg av kai ved SKL, Bergslagen	150 000
201502-735	989 633 759	Venelaget for Gruo	Restaurering av Heistårnet ved Stordø Kisgruber	150 000
201502-762	985 536 910	Omvikdalen Ungdomslag	Oppgradering av sanitæranlegg i Dalheim	200 000
201502-754	983 771 645	ROSENDAL TURNLAG - turgruppa	Malmangernuten, sikring mellom Høyklepp og Hjort	200 000
201502-744	880 686 682	Sunde Grendalag	Sunde nærmiljøanlegg	250 000
201502-758	999 081 452	Stord Musikkråd / Flygelkomiteen	Flygel på Stord	250 000
201502-786	977 122 775	Baroniet Rosendal / Den Weis Rosenkrone	Digital formidling ved Baroniet Rosendal	500 000
		HAUSTEN 2015	TOTALSUM TILDELT	3 665 000

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Resultatrekneskap

NOTAR	DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2015	2014
3	Lønskostnad	1 179 308	1 275 558
7	Avskrivning på varige driftsmidler	20 484	5 146
3	Annan driftskostnad	704 709	885 565
	Sum driftskostnader	<u>1 904 501</u>	<u>2 166 269</u>
	Driftsresultat	<u>-1 904 501</u>	<u>-2 166 269</u>
	FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER		
	Anna renteinntekt	678 090	762 606
	Anna finansinntekt	12 453 166	9 962 533
6	Nedskrivning av finansielle anleggsmiddel	-80 881 871	-10 569 723
	Annan rentekostnad	0	125
	Annan finanskostnad	0	37 650
	Resultat av finansposter	<u>-67 750 615</u>	<u>117 641</u>
	Resultat i året	<u>-69 655 116</u>	<u>-2 048 628</u>
	OVERFØRINGAR		
	Overføring frå annan eigenkapital	69 655 116	2 048 628
5	Sum overføringar	<u>-69 655 116</u>	<u>-2 048 628</u>

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Balanse pr. 31. desember


NOTAR	EIGA	2015	2014
	Anleggsmidler		
	Varige driftsmiddel		
7	Driftslausøre og inventar	35 847	56 331
	Sum varige driftsmiddel	<u>35 847</u>	<u>56 331</u>
	Finansielle anleggsmidler		
6	Investeringar i aksjar	238 548 406	319 430 277
	Sum finansielle anleggsmidler	<u>238 548 406</u>	<u>319 430 277</u>
	Sum anleggsmidler	<u>238 584 253</u>	<u>319 486 608</u>
	Omløpsmiddel		
	Krav		
	Andre kortsiktige krav	13 066	15 453
	Sum krav	<u>13 066</u>	<u>15 453</u>
	Investeringar		
6	Andre finansielle instrument	4 229 523	4 229 523
	Sum investeringar	<u>4 229 523</u>	<u>4 229 523</u>
2	Bankinnskot, kontantar og liknande	<u>34 022 335</u>	<u>29 445 368</u>
	Sum omløpsmiddel	<u>38 264 924</u>	<u>33 690 344</u>
	SUM EIGA	<u>276 849 177</u>	<u>353 176 952</u>

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Balanse pr. 31. desember

NOTAR	EIGENKAPITAL OG GJELD	2015	2014
	Eigenkapital		
	Innskoten eigenkapital		
	Grunnkapital	151 748 350	151 748 350
	Sum innskoten eigenkapital	<u>151 748 350</u>	<u>151 748 350</u>
	Opptent eigenkapital		
	Gåvefond	29 301 910	39 301 910
	Annan eigenkapital	78 441 969	148 097 085
	Sum opptent eigenkapital	<u>107 743 879</u>	<u>187 398 995</u>
5	Sum eigenkapital	<u>259 492 229</u>	<u>339 147 345</u>
	Kortsiktig gjeld		
	Leverandørgjeld	19 958	159 448
	Skuldige offentlege avgifter	154 578	186 137
4	Avsett til gáveutdeling	17 110 000	13 610 000
	Annan kortsiktig gjeld	72 412	74 021
	Sum kortsiktig gjeld	<u>17 356 948</u>	<u>14 029 606</u>
	Sum gjeld	<u>17 356 948</u>	<u>14 029 606</u>
	SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	<u>276 849 177</u>	<u>353 176 952</u>


Husnes, 2016


Svein Arne Eidsvik
styreleiar


Frøydis Johanne Sjø Fjellhaugen
nestleiar


Synnøve Solbakken
styremedlem


Jorunn Kjellfrid Nordtveit
styremedlem


Asmund Kåre Rørvik
dagleg leiar

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Notar til rekneskapen 2015

Note 1 – Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og NRS 8 – God rekneskapsskikk for små foretak. Rekneskapsprinsippa følger under.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eiga og gjeld

Eiga bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Annan eiga er klassifisert som omløpsmidlar. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år er klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande reglar lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurdert til kostpris, korrigert for nedskrivingar og avskrivingar. Nedskriving vert gjort når forskjellen mellom verkeleg verdi og bokført verdi er vesentleg, og verdifallet ikkje er forventa å vere av forbigåande art. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid blir avskrivne planmessig.

Børsnoterte finansielle anleggsmiddel vert vurdert til det lågaste av marknadsverdi og kostpris.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje skrivne opp til verkeleg verdi som følge av renteendring.

Gåvefond er klassifisert som eigenkapital. Det er generalforsamlinga som gjev styret fullmakt til utdeling av gåvefondet.

Stiftinga utøver ikkje skattepliktig verksemd.

Note 2 – Bankinnskott

Av likvidar i balansen pr. 31.12. utgjer bundne midlar i skattetrekk kr 109.490. Beløpet dekkjer skuldig skattetrekk pr. 31.12.

Note 3 – Lønskostnad, tilsette, godtgjersle, lån til tilsette m.m.

Lønskostnad	2015	2014
Løn	578.783	591.651
Andre honorar	445.000	488.000
Folketrygd	112.445	122.290
Pensjonskostnader	30.356	31.928
Andre ytingar	12.724	41.689
Sum	<u>1.179.308</u>	<u>1.275.558</u>
Antall årsverk sysselsett i rekneskapsåret	<u>0,6</u>	<u>0,6</u>

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Notar til rekneskapen 2015

Note 3 forts. – Lønskostnad, tilsette, godtgjersle, lån til tilsette m.m.

Ytingar til leiande personar	Daglig leiar	Styret/GF
Løn	583.122	445.000
Anna godtgjersle	17.639	
Kostnader til revisor:	2015	2014
Lovpålagt revisjon	31.250	47.000
Skatterådgjeving	0	0
Andre tenester utanfor revisjonen	17.500	14.000
Sum	<u>48.750</u>	<u>61.000</u>

Alle tal er oppgjevne inklusiv mva.

Note 4 – Gåveutdelingar

	2015	2014
Tildelte, ikkje utbetalte gåver 1.1.	600 000	1 080 000
Tildelte gåver	6 600 000	5 990 000
Utbetalte gåver	<u>-6 500 000</u>	<u>-6 470 000</u>
Tildelte, ikkje utbetalte gåver 31.12.	700 000	600 000
Tidlegare avsett gåveutdeling, ikkje tildelt 31.12.	6 410 000	3 010 000
Frigjeve frå gåvefond 2015 til gåvetildeling i 2016 og 2017	10 000 000	10 000 000
Totalt gåver til utdeling 31.12.	<u>17 110 000</u>	<u>13 610 000</u>

Note 5 – Eigenkapital

	Grunnkapital	Annan EK	Gåvefond	Sum EK
Eigenkapital 1.1.2015	151 748 350	148 097 085	39 301 910	339 147 345
Fra gåvefond 2015 til utdeling 2016 og 2017		0	-10 000 000	-10 000 000
Resultat i året		-69 655 116	0	-69 655 116
Eigenkapital 31.12.2015	151 748 350	78 441 969	29 301 910	259 492 229

- Av vedtekne og tildelte gåver i 2015 er det kr 700.000 som framleis ikkje er utbetalt. Desse er klassifisert som gjeld i rekneskapen.

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Notar til rekneskapen 2015

Note 6 – Aksjar i Sparebank 1 SR-Bank

	Antal	Eigardel	Kostpris	Marknads- verdi	Resultatført nedskriving
Sparebank 1 SR-Bank 1)	6 069 934	2,37 %	330 000 000	238 548 406	-80 881 871
Sparebank 1-SR Bank HFO 2)	156 649	0,06 %	4 229 523	6 156 306	0
Sum	6 226 583	2,43 %	334 229 523	244 704 712	-80 881 871

1) Aksjane er klassifisert som anleggsaksjar.

2) Aksjane er klassifisert om omløpsaksjar.

Note 7 – Varige driftsmidlar

	Kontor- maskiner
Anskaffingskost pr. 1.1.	61.477
Tilgang i året	0
Avgang til anskaffingskost	0
Anskaffingskost pr. 31.12.	61.477
Akkumulerte avskrivingar pr. 31.12.	25.630
Bokført verdi pr. 31.12.	35.847

Avskrivingar i året	20.484
---------------------	--------

Forventa økonomisk levetid

3 år

Avskrivingsplan

Lineær

Til styret i SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad, som viser et underskot på kr 69.655.116. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2015, og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisebilde i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggjande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftinga sin utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisebilde. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilde av den finansielle stillinga til SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad per 31. desember 2015 og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve*Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller begrensa revisjon av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om utdelingar og forvalting

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendig etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller begrensa revisjon av historisk finansiell informasjon», meiner vi stiftinga er forvalta og utdelingar er føreteke i samsvar med lov, stiftinga sitt formål og vedtektene for øvrig.

Bergen, 9. mai 2016
Deloitte AS

Jøn-Osvold Harila
statsautorisert revisor